

## Framlegg nr 1

### Større innsats for flaumsikring

Klimaendringane og meir ekstremvær har ført til at mange plassar i landet er utsette for fare i samband med flaum. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har rekna ut at det trengs om lag 3,9 milliardar i investeringar for å trygge folk og samfunn.

Nivået på dei årlege løyvingane til flaumsikring er i dag alt for låge til å løyse dei utfordringane me har, og det må på plass auka årlege løyvingar til skred, ras og flaumsikring.

Forskinga syner at klimaendringane vil føre til endå større problem dei nærmaste åra, og difor hastar det med å få på plass eit klimafond som kan nyttast for å trygge infrastruktur og samfunn.

Voss Arbeidarparti viser til NVE sine berekningar over kostnader for å trygga folk og samfunn mot flaum og skred, og krev at innsatsen på dette området vert styrka i tråd med råda frå NVE.

## Framlegg nr 2

### Voss herad

Eit nytt herad er i ferd med å bli bygd mellom Voss kommune og Granvin herad. Samanslåinga gjer at det opnar seg nye moglegheiter på fleire område.

Voss Arbeidarparti vil særleg understreka at Voss herad må legga til rette for deltaking og engasjement i heile kommunen. Ideen med grennautval meiner me er ein god måte for å sikra deltaking frå alle delar av kommunen, også mellom vala kvart fjerde år.

Me veit at me står ovafor store utfordringar når det gjeld klima og miljø. Me ynskjer at Voss herad skal bidra i dette arbeidet, og at det i heradet skal vera eit særskild fokus på klima- og miljøutfordringane. Voss herad skal kunne gå i front, både som organisasjon, men også som pådriver for fossilfrie løysingar både innan det offentlege og innan det private.

## Framlegg nr 3

### Voss Arbeidarparti vil legge til rett for ei berekraftig satsing på reiselivet i nye Vestland fylke.

Vestlandet har unike føresetnader for å tilby attraktive reiselivsprodukt. Naturen og fjordane er eineståande og gjev grunnlag for eit rikt tilbod av opplevingar. I tillegg er fjordane våre kåra til eitt av verdas beste reisemål. Reiselivsnæringa er samstundes ei av verdas raskast veksande næringar. Vestland fylke med sine naturgjevne føresetnader har gode mogelegheiter for å ta sin del av den internasjonale veksten, men auka verdiskaping og heilårs arbeidsplassar er ein føresetnad for vekst. Reiselivsnæringa er ei viktig distriktsnæring som har eit stort potensial for å skape verdiar og arbeidsplassar i heile fylket, samstundes som Bergen vil vere «motoren» for denne satsinga.

Prinsippa for ei berekraftig utvikling av reiselivet skal leggast til grunn for reislivssatsinga i Vestland fylke. Desse prinsippa skal implementerast i alle kommunar og bedrifter, bransjar i reiselivsnæringa, og vil vere eit konkret verkemiddel for å finne balansen mellom å ivareta naturlandskapet og samtidig vekse som eit attraktivt natur- og kulturbasert reisemål.

Næringa er likevel fragmentert og har trøng for ein offentleg innsats på fleire område for å løyse ut dette potensialet. Difor må det offentlege legge til rette for ei rekke reiselivsmessige infrastrukturtiltak. Dei tilboda som vert utvikla for tilreisande vil også vere attraktive for innbyggjarane. Dette vil også vere med på å styrke bu kvaliteten på fleire stader i Vestland og då særleg i distrikta.

#### Voss Arbeidarparti vil difor:

- Legge berekraft til grunn for satsinga på reiseliv i Vestland fylke. Dette mellom anna med utgangspunkt i Innovasjon Norge sin «Standard for Bærekraftig reisemål»
- Satse på enklare kommunikasjonar inn til Vestland og ein saumlaus infrastruktur for kommunikasjon innanfor eige fylke. Dette med grunnlag i innbyggjarane og reiselivet sine behov.
- Legge til rette for heilårs reiseliv i heile fylket og styrke verdiskapinga i næringa
- Vidareføre tilskot og satsing på Fjord Norge og regionale destinasjonsselskap
- Styrke den administrative og strategiske satsinga på reiseliv og utarbeide ein reiselivsstrategi for Vestland fylke basert på ei berekraftig utvikling av både reiselivet og reisemåla.

#### Framlegg nr 4

##### Noreg bør satsa på havvind

Fleire stader i landet er det store diskusjonar i samband med bygging av landbaserte vindparkar. Store deler av det norske fastlandet er allereie utbygd og ny utbygging vil i endå større grad påverka natur- og miljøkvalitetane.

Som havnasjon, med store havområde, har Noreg eit svært godt alternativ til landbaserte anlegg. Havvind har og dei fordelane at inngrepa har mindre konsekvensar, det kan byggast større vindturbinar og vindforholda til havs er meir stabile med mindre turbulens.

Voss Arbeidarparti ønskjer at Noreg aukar satsinga på havvind, gjennom betre finansieringsordningar og auka forsking. Satsinga må skje gjennom statlege selskap, slik at ein sikrar norsk eigarskap til den ressursen havvind er.

#### Framlegg nr 5

##### Likeverdige soningsforhold for kvinner og menn.

Det er rundt 58 operative fengsel i Noreg. Av desse er berre 4 kvindefengsel. Dei 54 mannsfengsla er plasserte frå Vadsø i nord til Kristiansand i sør. Kvindefengsla er i Evje, Kragerø, Oslo og Sarpsborg. Det er med andre ord ei stor geografisk skeivfordeling av soningsplassar for kvinner.

Kvinnelege innsette har ofte mange og samansette problemstillingar som dei best får jobba med i eigne institusjonar. Det er ein fordel med kort veg til spesialisthelseteneste.

Voss Arbeidarpartii ber Vestland Arbeiderparti jobba for at det blir oppretta eit kvinnefengsel sentralt i vår region.

## Framlegg nr 6

### **Felles takstar på kollektivtrafikken i Vestland fylke**

Hordaland Arbeiderparti har gjort ein flott innsats med å få felles takst på bussreiser med Skyss i fylket. I distrikta er det andre enn Skyss som står for hovedtyngda av bussrutene, t.d. Øst-Vest Ekspressen og Nettbuss. Dette gjeld både internt i Voss kommune og på strekninga Voss – Bergen. Tog transporterer òg denne strekninga. Verken ekspressbussar eller tog har lågare pris.

For å sikre at fleire skal få mogelegheit til å nyte seg av billige kollektivreiser, ynskjer Voss Arbeidarparti at det vert innført same takst på reiser med ekspressbuss og tog som med Skyss sine bussar. Desse takstane skal gjelde både for enkeltreiser og månadsbillett.

## Framlegg nr 7

### **Vern om språket**

Stortinget har vedteke ei språklov som skal verne om det norske språket. Me opplever eit press på det norske språket, og dessverre ser me at det offentlege Noreg ikkje bryr seg om korkje språklov eller faglege vurderingar når offentlege institusjonar eller selskap skal gjevast namn.

Dei siste åra har me opplevd ein farsott med nye uforståelege namn på ulike selskap og institusjonar.

Voss Arbeidarparti meiner at alle offentlege institusjonar og verksemder skal ha namn som enkelt viser kva for ei oppgåve institusjonen eller verksemda har, og at norsk rettskriving skal fylgjast.

## Framlegg nr 8

### **Liv og helse må prioriterast**

Europavegen mellom Voss og Bergen er kåra til Noregs verste veg, og me veit at Vossabanen i tillegg går i same ras utsette trase. Med jamne mellomrom er vegen stengd grunna ras og ulukker, og det er berre lukka som til no har spart oss for dei store tragediane .

Voss Arbeidarparti har, saman med eit samla politisk miljø på Voss, gått for alternativ K5. Dette er eit fellesprosjekt mellom veg og bane, med moglegheit for store innsparinger viss

heile strekket vert planlagt og utbygd samstundes. Bygginga av ein sikker veg og bane mellom dei to største byane i Noreg er eit nasjonalt ansvar, og me kan ikkje leve med at det ikkje vert prioritert høgare av dei nasjonale styresmaktene.

I dagens Nasjonale Transportplan som Statens vegvesen arbeider etter, er det berre planlegging av Arna – Stanghelle som ligg inne. Jernbanen mellom Arna og Stanghelle er ikkje fullfinansiert.

I samband med rasa på europavegen og jernbanen dei siste åra, har eit samla politisk miljø sagt at noko må gjerast, og at dette skulle prioriterast. Derfor meiner Voss Arbeidarparti at det er på tide at ord følgjer handling. Me aksepterer ikkje lenger at strekninga Voss – Bergen vert strekt ut i tid, og at ein ikkje løyver dei pengane som trengs for å gje dei reisande ein trygg veg og bane.

Me krev at:

- Vestland fylkeskommune prioriterer veg og bane mellom Arna og Voss
- At både veg og bane vert planlagt og fullfinansiert på heile strekket Arna – Voss